

## **Varsel om igangsetting av privat detaljreguleringsarbeid for plan 423 Vardane gnr. 4 bnr. 28, Erdal, Askøy kommune**

Med heimel i PBL §12-8 varslast det om oppstart av arbeid med privat detaljreguleringsplan for Vardane gnr. 4 bnr. 28, Erdal

### **Planstatus og formål:**

Planområdet utgjer om lag 11 daa og er avgrensa som vist på kartvedlegg. I kommuneplan for Askøy er planområdet vist som «fremtidig boligbebyggelse» med hensynsone «Grøntstruktur» som stiller krav om at stier i området skal tas hensyn til.

Formålet med reguleringsarbeidet er å legge til rette for bustadføremål. I samband med dette vert tilkomstvegen til planområdet vurdert utbetra ifrå grensa til plan for «Del av Austre Vardane, gnr. 4 bnr. 140 m.fl.» (plan nr. 219).

Planen er i tråd med overordna plan og vil kunne utformast med omsyn til grøntstruktur og utløyser derfor ikkje krav om konsekvensutgreiing.

I planarbeidet vil det haldast fokus på at det samla inntrykket av området vert ført vidare, samtidig med ei framtidsetta utvikling. Endeleg omfang, utforming og avgrensing avklarast gjennom planprosessen, og vil bli grundig omtalt i planskildringa.

Tiltakshavar er Ida Solheim.

Naboar og grunneigarar vert varsla direkte. Alle mottatte dokument, merknader o.l. vil følge planforslaget når dette blir sendt inn til kommunen for behandling og vedtak.

Eventuelle merknader eller spørsmål til varsel om oppstart sendast til utførande for planarbeidet:

ingebjorg@stracon.no eller Stracon AS, Tytebærbrekko 2, 5353 Straume, **innan 09. juni 2016**

### **Innspel merkast ”7119 - Vardane, Erdal”.**

Når fristen for uttale er gått vert merknadene gjennomgått og planforslaget ferdig utarbeida og sendt over til kommunen for handsaming. Etter første gongs handsaming (politisk, i det faste utval for plansaker/kommunestyret) vert planen lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då vere

mogleg å sende merknader og eventuelle protestar til planforslaget før vidare politisk handsaming. Har de innspel til arbeidet vert det likevel oppmoda om at desse vert sendt inn ved denne varslinga.

Med venleg helsing

A handwritten signature in blue ink that reads "Ingebjørg Garne".

Arealplanleggjar  
Stracon AS


Kopi til:

- Forslagstiller
- Sakshandsamar i Askøy kommune

Vedlegg:


- Forslag til planavgrensing
- Utsnitt av gjeldande kommuneplan for Askøy 2012-2023
- Planområdet og tilgrensande reguleringsplan
- Oversiktskart

## FORSLAG TIL PLANAVGRENSNING




## UTSNITT AV GJELDANDE KOMMUNEPLAN FOR ASKØY 2012 – 2023

Planområdet er sirkla inn med raud strek. Det er vist utdrag frå tegnforklaringa som gjeld føremål innafør planområdet.



## PLANOMRÅDET OG TILGRENSANDE REGULERINGSPLAN



Kartutsnitt som viser avgrensning av planområdet for Vardane (plan nr. 423) og tilgrensande reguleringsplan «Del av Austre Vardane, gnr. 4 bnr. 140 m.fl.» (plan nr 219).

## OVERSIKTSKART

Planområdet sin plassering er markert med rødt.

